



Det aktuelle hytteområdet ligg ved Søre Skorpevågen til høgre på dette biletet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter ein lang prosedyre blir bebyggelsesplanen for tre hytter på Kåre Hauge sin grunn på Skorpo vedteke av forvaltningskomiteen onsdag. Området ligg ved Søre Skorpevågen på 'Uskedal-sida' av øya.

Det heiter i framlegget at grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades. Føremålet med planen er tilrettelegging for hyttebygging og å utnytte plassen på best mogeleg måte i henhold til føremål, terreng, miljø og estetikk.

I kommunedelplanen som vart godkjend for fem år sidan er arealet avsett med fire fritidsbustader og krav om bebyggelsesplan.

Området er tilgjengeleg til allmenta som friluftsområde, men den isolerte beliggenheit gjer det lite sannsynleg at fleire enn feriefolk og folk som er busette på øya bruker friluftsområdet.

Hytter skal vera frittliggande bygningar tilpassa terrenget. Maksimalt bebygd areal skal vera 20 prosent og kvar hytte skal ikkje vera større enn 120 kvadratmeter. Uthus skal ikkje vera større enn 25 kvadratmeter. Det kan byggast maksimalt 1,5 høgder og maksimal gesimshøgde er 3,5 meter.

Eksisterande vegetasjon skal takast vare på og skjerme hyttene frå innsyn frå sjøen.

Statens vegvesen har etterspurt parkeringsareal for hytte-eigarar på Skorpo, men kommunen har svara at dei kjem med båt frå mange ulike stader. Eit parkeringsanlegg/småbåthamn på fastlandssida er difor ikkje naudsynt.

Av Ola Matti Mathisen